



Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkeshuset  
6404 MOLDE

Vår ref.  
2016005947/FE - 026/20

Dykkar ref.

Dato:  
23.06.2016

## Kommunereform - Haram kommune sitt val. Melding om vedtak

Kommunestyret har i møte 22.06.16, sak 045/16 gjort slikt vedtak i saka:

1. På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.
2. Dersom Haram- Sandøy alternativet syner seg å verte mindre aktuelt, vil kommunestyret gå inn for å halde fram som eiga kommune.
3. I intensjonsavtalen med Sandøy kommune står det at det er formannskapa i dei to kommunane som skal vere fellesnemnd. Dette er ikkje likeverdig då det er fleire medlemmer i Haram. Haram kommunestyre meiner dette bør justerast og vil velje 5 medlemmer frå Haram formannskap til denne nemnda, slik at talet på medlemmer vert likt.

Med helsing

Elin A. Moen  
seksjonsansvarleg

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Kommunereform - intensjonsavtale ÅSSH - nye saksopplysningar

Intensjonsavtale ÅSSH-alternativet

Kommunereform - referat frå møte i styringsgruppa 07.06.16

Sjekkliste kommunereform

Interkommunale samarbeid

Intensjonsavtale - etablering av den nye kommunen Haram-Sandøy

Regionkommunen Ålesund - Signert intensjonsavtale

# HARAM KOMMUNE

## Sakspapir

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	14.06.2016	086/16
Kommunestyret	22.06.2016	045/16

Saksbehandlar: Turid Hanken	Arkiv: FE - 026	ArkivsakID: 15/950-16/4980
--------------------------------	--------------------	-------------------------------

### Kommunereform - Haram kommune sitt val

#### Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet vil rå kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.
2. Dersom Haram-Sandøy alternativet syner seg å verte mindre aktuelt, vil kommunestyret vurdere alternativet med å halde fram som eiga kommune opp mot eit mindre regionkommunealternativ.

#### Vedlegg:

Kommunereform - intensjonsavtale ÅSSH - nye saksopplysningar  
Intensjonsavtale ÅSSH-alternativet  
Kommunereform - referat frå møte i styringsgruppa 07.06.16  
Sjekkliste kommunereform  
Interkommunale samarbeid  
Intensjonsavtale - etablering av den nye kommunen Haram-Sandøy  
Regionkommunen Ålesund - Signert intensjonsavtale  
Brev ut til kommunane etter påske  
Status kommunereforma mars 2016  
Moment til sjekkliste for sakshandsaming til endeleg vedtak

#### 14.06.2016 Formannskapet

Svein Harsjøen,FRP kom med framlegg om eit nytt pkt. 3 slik:

*Haram formannskap vedtek at det vert gitt melding til kommunane Ålesund, Sandøy og Skodje om at forhandlingsutvalet i Haram vil delta i forhandlingane som skal vere onsdag 15.06.16 med mål om å skrive ein intensjonsavtale også for dette alternativet.*

Ved røysting vart rådmannen sitt framlegg pkt. 1 og 2 samrøystes tilrådd og

tileggsframlegget frå S. Harsjøen samrøystes vedteke.

### **FS-086/16 Vedtak:**

#### Tilråding frå formannskapet:

1. På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.
2. Dersom Haram-Sandøy alternativet syner seg å verte mindre aktuelt, vil kommunestyret vurdere alternativet med å halde fram som eiga kommune opp mot eit mindre regionkommunealternativ.
3. Haram formannskap vedtek at det vert gitt melding til kommunane Ålesund, Sandøy og Skodje om at forhandlingsutvalet i Haram vil delta i forhandlingane som skal vere onsdag 15.06.16 med mål om å skrive ein intensjonsavtale også for dette alternativet.

### **22.06.2016 Kommunestyret**

Siv Ulla,AP sette på vegne av AP, SP,KRF og MdG fram slikt framlegg:

1. *På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.*
2. *Dersom Haram- Sandøy alternativet syner seg å verte mindre aktuelt, vil kommunestyret gå inn for å halde fram som eiga kommune.*
3. *I intensjonsavtalen med Sandøy kommune står det at det er formannskapa i dei to kommunane som skal vere fellesnemd. Dette er ikkje likeverdig då det er fleire medlemmer i Haram. Haram kommunestyre meiner dette bør justerast og vil velje 5 medlemmer frå Haram formannskap til denne nemnda, slik at talet på medlemmer vert likt.*

Ewa Hildre,H sette på vegne av H, FRP og V fram slikt framlegg:

1. *På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.*
2. *Dersom Sandøy kommune ikkje har Haram som sin 1. prioritet ber kommunestyret ordføraren om innan 1. juli å søkje fylkesmannen om utsett frist. Dette for å gi kommunen tid til å kunne vedta å ev inngå i ein regionkommune saman med Ålesund, Sandøy og Skodje, ev. fleire, med bakgrunn i framforhandla intensjonsavtale. Forhandlingsutvalet får fullmakt til å fullføre prosessen fram til ny kommunestyrebehandling innan 1. september 2016. Det er ein føresetnad at det skal gjerast ei innbyggjarundersøking før vedtak.*

Ved røysting vart fellesframlegget sett fram av Siv Ulla på vegne av AP, SP, KRF og MdG vedteke med 15 mot 12 røyster for fellesframlegget sett fram av Ewa Hildre på vegne av H,FRP og V.

### **KS-045/16 Vedtak:**

1. På grunnlag av framforhandla intensjonsavtale og resultat av folkerøystinga, vil Haram kommunestyre gå inn for ei samanslåing med Sandøy kommune. Ei avklaring om at Nordøyvegen vert bygd er ein føresetnad for dette alternativet.
2. Dersom Haram- Sandøy alternativet syner seg å verte mindre aktuelt, vil kommunestyret gå inn for å halde fram som eiga kommune.
3. I intensjonsavtalen med Sandøy kommune står det at det er formannskapa i dei to kommunane som skal vere fellesnemnd. Dette er ikkje likeverdig då det er fleire medlemmer i Haram. Haram kommunestyre meiner dette bør justerast og vil velje 5 medlemmer frå Haram formannskap til denne nemnda, slik at talet på medlemmer vert likt.

### **Saksutgreiing:**

#### *Bakgrunn og prosess:*

Alle kommunane i Noreg vart i brev frå kommunal- og moderniseringsministeren av 27.august 2014 invitert til «å delta i prosessar med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar». Invitasjonen var forankra i stortingsvedtak med fleirtal for å setje i verk og gjennomføre ei kommunereform. Det var i same vedtak fleirtal for at «friviljugheit» skulle vere ein grunnleggjande premis for arbeidet med reforma, jf. Innst. 300 S (2013-2014).

Haram kommunestyre vedtok 18.12.2014, (K-sak 73/14) å starte opp arbeidet med ein lokal utgreiingsprosess. Regjeringa si målsetting for reforma vart lagt til grunn i prosessen.

Kommunestyret vedtok å gå breitt ut i utgangspunktet, og var saman med Ålesund initiativtakar til å samle kommunane på Nordre Sunnmøre til samtalar om ein større regionkommune. Dette gjekk seinare over i Regionkommune Ålesund prosjektet, der det er framforhandla intensjonsavtale mellom 11 kommunar. Kommunen ville få eit innbyggjartal på om lag 94 000 dersom alle vart med.

Kommunestyret mottok også invitasjon frå «Landkommunealternativet», men vedtok å forlate dette alternativet først etter utgreiingsfasen, seinare etter forhandlingar, då ein ikkje såg at dette alternativet førte fram til eit berekraftig alternativ for Haram sin del, og heller ikkje ville tilfredsstillende måla med reforma.

Kommunestyret valde seinare å få vurdert samanslåing med Sandøy, og Haram kommune åleine som «0-alternativ». Det vart framforhandla intensjonsavtale med Sandøy. Kommunen ville få eit innbyggjartal på om lag 10 400.

Kommunestyret la også til grunn at det skulle vere rådgjevande folkerøysting om spørsmålet. 19.mai 2016 vart det halde folkerøysting, der 38% av innbyggjarane deltok. Resultatet av folkerøystinga viste eit fleirtal for Haram og Sandøy-alternativet (51,9%), Haram åleine fekk nest mest stemmer (29%), og Regionkommune Ålesund fekk minst (19%). Då folkerøystinga berre er rådgjevande, og formelt sett berre å rekne for ei høyring i denne samanheng, kvilar myndet til å gjere endeleg vedtak i saka på kommunestyret.

Denne saka tener som ei oppsummering av prosessen og dei alternativa som er utgreidd for Haram kommune sin del. Fylkesmannen har i brev av 31.03.16 lagt fram ei momentliste, sjå vedlegg, for utforming av saksframlegg for endeleg vedtak i denne saka. Saksutgreiing med vedleggsnotat er utarbeidd med bakgrunn i dette.

Kommunestyret har frist til 1. juli med å gjere vedtak. Kommunar som framleis er i konkrete forhandlingar kan søke Fylkesmannen om forlenga frist. Fylkesmannen skal på oppdrag frå regjeringa utarbeide ei samla oversikt over kommunesamanslåingsprosessen i Møre og Romsdal innan 3. oktober 2016. Utgreiinga skal leggest til grunn for departementet sitt arbeid med ein Kommuneprop om framtidig kommunestruktur som skal behandlast i Stortinget våren 2017. Her vil den framtidige kommunestrukturen i Norge bli lagt.

Parallelt foregår det ei omlegging av inntektssystemet for kommunane, det vert arbeidd med ei regionreform med mål om færre og større regionar. Det er også under arbeid ein proposisjon til Stortinget som skal fastlegge nye oppgåver til kommunane. Dette er no på høyring, og link til høyringsnotatet ligg ved <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---nye-oppgaver-til-storre-kommuner/id2500822/>

Førebels er det forslag om lovendring på mindre omfattande område som er sendt på høyring, men høyringsnotatet opnar for at nye og større oppgåver særleg innan helse- og omsorgssektoren skal kunne leggest til kommunane i framtida. Dette er framleis under vurdering. I tillegg er det opna for at store kommunar med rundt 100 000 innbyggjarar, eller noko mindre dersom dei utgjer ein funksjonell bu- og arbeidsmarknadsregion, kan få overført ansvar for kollektivtransport. Alt dette vil innverke på føresetnadene for kommunane sine driftsvilkår i framtida. Dette kjem i tillegg til dei samfunnsmessige trendane og demografiske endringane som det er gjort greie for i dei forutgåande utgreiingsprosessane for å fatte vedtak om framtidig kommunestruktur.

I den grad det i seinare tid er kome til nye opplysningar som vedgår saka, ut over det som allereie er lagt fram for kommunestyret i tidlegare saker, vil desse bli innarbeidd og presentert og vurdert i saka (inntektssystemet og kommunestruktur i regionen).

Tidlegare saksgang, vedtak og utgreiingar følgjer saka. Eit eige notat er utarbeidd som vedlegg. Notatet oppsummerer prosessen fram til endeleg vedtak, og gjer nærare greie for vurderingar av dei ulike alternativa sett i lys av formål og fokusområde for reforma. Nedanfor er det lagt inn ei oppsummerande vurdering av utfordringar og mulegheiter i Haram og Sandøy-alternativet, og Haram åleine. Regionkommuenalternativet vert også kort omtalt.

#### *Haram åleine, evt saman med Sandøy*

Det er mange argument som kan førast både i retning av større kommunar og det å halde fram omtrent som før for ein kommune som Haram. Haram med 9200 innbyggjarar er ingen liten kommune i nasjonal samanheng etter dagens målestokk. Saman med Sandøy sine 1260 innbyggjarar vil ein ny kommune få til saman 10400 innbyggjarar. For Haram sin del vil vurderingane vere mykje det same i begge alternativa, då ei samanslåing med Sandøy er å sjå på som ei forholdsvis lita endring i forhold til dagens situasjon.

Haram kommune er i dag ein av dei største kommunane i fylket og regionen utanom dei største byane. Kommunen kan også i framtida stå på egne bein, i alle fall nokre

år, men vil venteleg i aukande grad vere sårbar overfor endringar i samfunn og næringsliv og oppgåver overført frå staten, demografiske utfordringar og rekrutteringsutfordringar som er vesentleg for å trygge tenestetilbodet til befolkninga. Dersom kommunen vel å stå åleine, eller saman med Sandøy må ein ha fokus på korleis dette kan kompenseras for. Nedanfor er oppsummert nokre punkt som bør vere med i vurderingane:

Haram og Sandøy vil vere ei naturleg utviding, særleg om Nordøyvegen vert etablert. I reformarbeidet har begge kommunane sett det som naturleg å inngå i same konstellasjon under slike føresetnader, evt også saman i ein større samanheng. Sandøy er statistisk sett ikkje definert innanfor bu- og arbeidsmarknadsregionen som Haram er ein del av. Haram vil derfor kunne verte oppfatta som ein meir perifer kommune i regionen saman med Sandøy åleine, enn å fortsette som dagens kommune. Statistisk materiale viser også at veksten er lågare i Haram enn nabokommunane nærare byen. Sandøy har i tillegg nedgativ folkevekst. Haram åleine og/eller saman med Sandøy vil på litt sikt truleg bli ein mindre kommune samanlikna med nabokommunane, og dermed oppnå mindre innflytelse i regional samanheng enn i dag. Spørsmål som bør vurderast er då om det kan påverke etableringsattraktivitet for busetting og næringsliv i framtida, særleg om nabokommunane etablerer ein ny større kommune.

Rekrutteringsutfordringar og demografiske utfordringar vil verte ei utfordring uansett for kommunane framover, så også for Haram sin del. Omstillingsbehovet vil vere stort. Kommunen vil truleg måtte basere seg på meir interkommunalt samarbeid i framtida, dersom den fortset som no, eller saman med Sandøy. Dersom kommunane rundt Ålesund dannar ei ny kommune utan Haram, vil kommunen måtte rekne med ei utfordring i høve tenestesamarbeid i framtida. Det kan vere at kommunen må finne alternativ til dagens samarbeidsordningar, eller forhandle nye vilkår på etablerte samarbeid.

Haram si orientering i alt samarbeid og som pådrivar i samfunnsutviklinga er retta mot regionsutvikling i og rundt Ålesund. Samferdselsprosjekt som Hamnsundsambandet og Straumsbrua er døme på dette. Nordøyvegen vil gi betre internkommunikasjon. Haram har hatt mykje å tene på å vere del av ein større integrert og funksjonell ABS-region. Sampelet bidrar til at kommunen vert mindre sårbar for svingingar i konjunkturar og busettingstrendar. Å vere definert innanfor , og assosiert med Ålesund som by, tener i dei fleste samanhengar Haram. SWOT-analysane var tydelege på mulegheitene som ligg i å bygge eit sterkare regionsamarbeid.

Den demokratiske dimensjonen, og lokalpolitisk styre og deltaking er godt ivaretatt i dagens kommune. Dersom kommunen skal inngå i ein større kommune vil dette vere eit av dei viktigaste område å finne avbøtande tiltak i forhold til. Saman med Sandøy vil dette vere eit mindre tema for Haram sin del, enn i ein større regionkommune.

Det er ikkje eintydig ut frå økonomiske vurderingar slik ein kjenner det i dag, kva vegval Haram bør gjere for framtida. Det bør likevel leggest til grunn ei forståing av at omstilling, effektivisering og betre samla ressursutnytting vil vere eit krav kommunane vert stilt overfor i framtida. Kva kommunestorleik som er optimal i den samanheng, er det ikkje muleg å seie noko klart om. Nytt inntektssystem gir ikkje så store endringar for Haram sin del, at det åleine vil vere avgjerande for kva vegval kommunen bør gjere. Både smådriftsulemper og stordriftsulemper vil ein måtte ta omsyn til i ein eventuell ny kommunekonstellasjon. Det er likevel viktig å tenke

gjennom på kva område, og saman med kven, ein trur dei beste framtidsretta løysingane kan utviklast.

Kommunen er i hovudsak ei gjennomsnittleg kommune samanlikna med kommunane i same KOSTRA-gruppe, og på Kommunebarometeret utarbeidd av Kommunal Rapport. NHO sitt attraktivitetsbarometer plasserer også Haram i øvre skiktet. Kva utvikling kommunen vil ha mulegheit til i åra framover, er avhengig av både økonomi, tilgang på kompetanse og kapasitet, og utviklinga i næringslivet. Kommunen er sårbar på spesialiserte fagområde og rekruttering til nøkkelfunksjonar, der det er behov for spisskompetanse, fordi vi ikkje på alle desse områda kan tilby robuste fagmiljø. Haram vil verte meir sårbar i framtida med tanke på kompleksiteten i tenestene og behova i befolkninga. Døme på dette er meir avanserte og samansette behov i helse- og omsorgssektoren, nye krav på beredskapsområdet, og behov for nye tiltak blant barn og unge.

### *Regionkommunen*

I arbeidet med regionkommunen har målet vore å bli ein kommune med størrelse og tyngde til å ha nasjonal slagkraft, kunne utvikle ein attraktiv region og samstundes bygge på lokal identitet. Målet har vore å etablere ein heilt ny framtidsretta kommune, med utgangspunkt i den einskilde kommune sine styrker og særpreg.

Regionkommunen sin intensjon har vore å ivareta noverande og meir spesialiserte oppgåver i framtida, samt ha ansvar for dei tenestene som no er organisert gjennom interkommunale samarbeid. Kommunen skulle vere i stand til å løyse både dagens og morgondagens oppgåver i eigen regi. Kommunealternativet har bygd på regjeringa sine mål med kommunereforma, og tanken om ei ny kommune basert på bu- og arbeidsmarknadsregionen i Ålesund-området. Med alle 11 kommunane inneber dette alternativet også kommunar som ligg i ytterkanten av den funksjonelle regionen.

Regionkommunealternativet er etter folkerøystingane i realiteten ikkje gjennomførbart i si opprinnelege form. Intensjonsavtalen er utforma slik at kommunar som ønskjer det likevel skal kunne gå vidare med utgangspunkt i avtalen. Førrebels er det kjent at Ålesund, Skodje og Sandøy har inngått nye forhandlingar.

Haram kommunestyre har tidlegare i prosessen gjort vedtak om at det kunne vere aktuelt å arbeide med eit alternativet med ei mindre regionkommune (kvardagsregionkommune) med Ålesund og dei næraste nabokommunane og evt Sandøy, dersom ei større regionkommune ikkje vart aktuelt. I drøftingane i kommunestyret vart det lagt vekt på ein slik kommune burde bestå av i det minste kommunane Sula, Giske, Skodje, Ålesund og Haram, og evt Sandøy. Dette er kommunar som samla utgjer eit folketal på 78 000, og med unntak av Sandøy, utgjer ein funksjonell byregion med ein internintegrert bu-, arbeids- og servicemarknad der avhengigheita mellom omlandet og byen kjem tydeleg fram. Det er ikkje tatt nye initiativ i ei slik retning frå Haram kommune si side etter folkerøystinga.

### **Vurdering:**

Kommunane i Noreg er bedne om å gjennomføre ein reformprosess der målet har vore å redusere talet på kommunar med utgangspunkt i frivillig samanslåing på grunnlag av lokale prosessar. Kommunane er bedt om å legge eit 20-30 års

perspektiv til grunn for beslutninga om framtidig kommune.

Haram har saman med kommunane i regionen brukt to år på omfattande prosessar og utgreiingar, og mykje tid og energi er lagt ned i arbeidet. Eit slikt arbeid, som har som hovudmål å redusere talet på kommunar i Noreg, er i særstilling eit politisk spørsmål. Det rører ved det lokalpolitiske fundamentet og innbyggjarane si oppfatning av kva som tener folk og lokalsamfunn best.

Prosesen i Haram har heile vegen vore politisk styrt. Regionrådet er tillagt ei koordinerande rolle, og rådmannen og administrasjonen har fungert som tilretteleggjar for prosessen og bidratt med fakta og kunnskapsgrunnlag. Det har vore etablert ei styringsgruppe bestående av alle partia som er representert i kommunestyret, og tilrådingane til kommunestyret har gjennom prosessen vore lagt fram av styringsgruppa etter tilrettelegging frå rådmannen. Kommunestyret har også valt å høyre innbyggjarane gjennom ei rådgjevande folkerøysting. På bakgrunn av dette, vil ikkje rådmannen i denne saka rå til noko anna enn det som er lagt inn av politiske føringar for å ta ei beslutning.

Når kommunestyret no skal gjere eit val for framtida, står ein i eit dilemma mellom det kjente og det å skulle posisjonere seg for ei ny framtid, der mange av faktorane framleis er ukjente. Det er likevel kome så mange signal om endringar og reformer frå statleg hald, at det er ganske sikkert at kommunane i framtida må bu seg på nye utfordringar, og å løyse meir komplekse oppgåver med mindre kapasitet og ressursar. Utfordringa med å fortsette som før er også ukjent. Samstundes har folkerøystinga vist at det er kjente faktorar og minst muleg endring som er førstevalet når det kjem til dette spørsmålet.

Regjeringa har lagt opp til ein prosess der kommunane sjølve skal kome fram til ei erkjenning av at dei er betre tent med å slå seg saman, og sjølve gjere dette valet. Fylkesmannen ber også kommunane om å grunngje vedtaket sitt, og eventuelt kvifor dei ikkje vil slå seg saman, og samstundes forsvare korleis dei skal klare seg sjølve i framtida.

Dersom kommunestyret vel å følgje rådet frå folkerøystinga fullt ut, vil det verte ei ny kommune bestående av Haram og Sandøy, dersom Sandøy vil. Det er lagt inn ein føresetnad om at Nordøyvegen vert bygd. Det er venta ei avgjerd om dette hausten 2016, med endeleg vedtak før Stortinget si behandling om kommunestruktur våren 2017. Utgreiingane viser at ei samanslåing av kommunane utan Nordøyvegen vil gi få synergjar for Haram sin del, ut over dei økonomiske ressursane som følgjer kommunar som slår seg saman. Det er på denne bakgrunn at føresetnaden er lagt inn. Så langt har heller ikkje Sandøy gitt uttrykk for at dei ønskjer samanslåing med Haram åleine dersom vegen ikkje kjem. Dersom det ikkje vert samanslåing med Sandøy, gir folkerøystinga råd om å fortsette som eiga kommune.

Saksutgreiinga har vist at det er forholdsvis liten skilnad på om Haram slår seg saman med Sandøy eller fortset som eiga kommune. Dersom ein skal kunne tilfredstille dei overordna måla med kommunereforma, viser utgreiingane for Haram sin del, at det berre kan oppnåast gjennom ein større kommune, som i det minste består av Ålesund og dei næraste nabokommunane som utgjer ein naturleg og bu- og arbeidsmarknadsregion (kvardagsregion), og som er stor nok til å ivareta dei oppgåvene ein kommune er meint å ha hovudsakleg i eigen regi i framtida. Det er også til byen Haram søker når oppgåvene ikkje kan løysast i eigen regi.



Gjennom folkemøte og høyringar er det kome fram dels skepsis mot å bli slått saman med ein bykommune, og dels skepsis mot ein så stor regionkommune som det var lagt opp til intensjonsavtalen. Argumenta mot ein større kommune er basert på ei frykt for at tenestene vert sentraliserte, at kommunen kjem dårlegare ut økonomisk, og at politiske og administrative strukturar vil krevje mykje ressursar og merksemd. Det er også eit argument at lokaldemokratiet vil bli svekka i ein stor regionkommune, men vil bli mindre berørt i ei samanslåing med Sandøy. Til det første vert det vurdert at dersom intensjonsavtalen vert gjennomført, vil behovet for nærtenerer bli ivaretatt med like stor sannsynlegheit som i dag. Lokaldemokratiet, særleg i form av talet på politikarar, vil derimot venta å bli noko lågare.

Eit godt, trygt og attraktivt samfunn dannar grunnlag for busetting og verdiskaping. Det skapar også grunnlaget for rekruttering til kommunale arbeidsplassar, som er nødvendig for å sikre framtidens tenesteyting. Ut frå grunnlagsmaterialet kan det sjå ut som det er på samfunnsutviklingsområdet kommunen kanskje har det aller største potensialet for utvikling i ein ny større kommune, i tillegg til at den vil kunne få styring over dei fleste tenesteområda som i dag er utført i ein eller anna form for interkommunalt samkvem. I vurderinga av Haram kommune sin ståstad og vegval i kommunereformarbeidet, vil derfor spørsmålet om kor stor vekt samfunnsutviklingsperspektivet skal ha, stå sentralt. Å inngå i ein stor nok regionkommune der også Ålesund er med, vil kunne opne nye mulegheiter for regional utvikling og kunne bli ein kommune som kan ta større oppgåver i framtida. Ei slik kommune bør truleg ha minst 70-80 000 innbyggjarar.

Grunngjevinga for at kommunen kan fortsette åleine, eller saman med Sandøy refererer seg til at:

- Folkerøystinga er tydeleg på at dette er førstevalet til dei som har avgitt stemme.
- Haram kommune er ei forholdsvis stor kommune som etter dagens målestokk hevdar seg bra i samanlikning med andre kommunar. Kommunen leverer på dei fleste område gode tenester etter dei fleste måleparameter, og har ein økonomi som ikkje skil seg nemneverdig ut i negativ retning i samanlikning med andre kommunar.
- Ein ny kommune av Sandøy og Haram vil ikkje få ei demografisk eller arbeidsmarknadsmessig samansetting som gjer den nye kommunen mindre sårbar for framtida enn dei to kommunane er i dag. Det er forventet at etablerte interkommunale samarbeid kan halde fram også i framtida, særleg når mange kommunar ser ut til å ikkje ønskje samanslåing med andre. Det leggast også til grunn at nye oppgåver i framtida må kunne løysast gjennom auka samarbeid. Ut frå rådmannen si vurdering vil ein måtte rekne med eit utstrakt samarbeid mellom kommunar i på litt sikt, når det gjeld tenestesamarbeid. Meir vertskommunesamarbeid vil vere ei naturleg utvikling som følgje av utviklinga på tenesteområda og ved eventuelle nye oppgåver til kommunane.
- Begge kommunane har økonomiske utfordringar i dag. I eit 15-20 års perspektiv, vil den økonomiske kompensasjonen som er føreset i samband med kommunereforma bidra til å oppretthalde det økonomiske fundamentet i ei samanslått kommune.

Haram vil ikkje få store negative utslag av nytt inntektssystem. Endringane i inntektssystemet er derfor ikkje åleine eit sterkt insentiv for kommunesamanslåing. Dersom Sandøy ikkje ønskjer samanslåing, og Haram vel å stå åleine, vil kommunen etter rådmannen si vurdering kunne klare seg sjølv, ut frå dei tala vi kjenner i dag. Men kommunen står overfor betydelege omstillingsutfordringar, både på kort og lengre sikt, og kutt i kostnader og /eller auka inntekter vil vere nødvendige tilpassingar. I tillegg er det stor usikkerheit knytt til kva kostnader til interkommunale løysingar vil kunne beløpe seg til i framtida.

utfordringane på regionalt nivå vil måtte kunne løysast på andre måtar enn ved å slå saman kommunar. Møre og Romsdal generelt, og Ålesundregionen spesielt, har i dag utfordringar som attraktiv region og å kunne hevde seg i konkurranse med andre regionar. Det vert lagt til grunn at kommunesamarbeid kan ivareta og søkaste utvida når det gjeld planlegging og andre samfunnsoppgåver der både byen og nabokommunane vert for små i ein nasjonal samanheng. Det er etter rådmannen si vurdering avgjerande å finne gode løysingar på dette, for at regionen skal kunne hevde seg i framtida, og byen og randkommunane skal kunne utvikle eit felles samfunn med vekstkraft og tiltrekkingskraft på framtidige generasjonar.

### *Proessen og vegen vidare:*

Når det gjeld sjølve prosessen er det rådmannen si vurdering at det har vore gjort eit grundig arbeid, i samsvar med både Fylkesmannen sine føringar og Haram kommunestyre sine vedtak. Kommunestyret i Haram har tatt oppfordringa på alvor, og gjennomført grundige vurderingar både i oppstartfasen og undervegs i prosessen. Men prosessen har vore prega av stor usikkerheit knytt til føringar frå sentralt hald om framtidige rammevilkår for å halde fram som eiga kommune, samt kva oppgåver kommunane skal løyse i framtida. Også eit kommunestyreval midt i utgreiingsprosessen har sett sitt preg på framdrifta i arbeidet. Samstundes har kommunane blitt oppfordra til å sette seg i førarsetet og sjølve definere mål og innhald. Haram kommune har bidratt til dette gjennom si deltaking i den regionale prosessen, og gjennom lokale prosessar og folkemøte. Ein må likevel erkjenne at når det kjem til sluttresultatet basert på det folkelege engasjementet og folkemeininga, er ikkje dette eit spørsmål som engasjerer folk flest i stor grad. Det er no opp til kommunestyret å gjere ei samla og endeleg vurdering av det som er lagt fram av grunnlagsmateriale.

Styringsgruppa har hatt eit møte etter folkerøystinga. Referat frå møtet følgjer vedlagt. Styringsgruppa har ikkje gitt eintydige signal om tolking av folkemeininga, eller korleis kommunestyret bør vektlegge resultatet på bakgrunn av valdeltakinga. Rådmannen sit likevel med ei oppfatning av at folkerøystinga skal tilleggest betydeleg vekt, og dette er vektlagt i framlegg til vedtak.

Styringsgruppa har derimot gitt klart uttrykk for at den i sluttspurten ikkje vil ta i mot enda ein invitasjon om forhandlingar om ein landkommune. Styringsgruppa er også einige om å delta som observatør i forhandlingane mellom Ålesund, Skodje og Sandøy, men utan mandat til å forhandle. Når denne saka vert lagt fram er resultatet av dette ikkje kjent. Førebels er det heller ikkje kjent kvar Sandøy landar i denne prosessen, og om det er muleg å kome fram til eintydige vedtak i begge kommunane. I og med at det i skrivande stund framleis er uvisse med tanke på pågåande prosessar og forhandlingar, legg rådmannen fram eit pkt 2 i framlegget, som kan opne opp for ei ny mulegheit dersom pkt 1 ikkje let seg realisere.

Rådmann

Turid Hanken  
Rådmann